

Saksbehandlar: Annlaug Helene Kjelstad, Plan- og samfunnsavdelinga
Sak nr.: 15/8189-5

Høyring - forslag til endringar i plandelen av plan- og bygningslova - fråsegn frå Sogn og Fjordane fylkeskommune

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune sluttar seg til vedtaksframlegg frå KS og gjev slik uttale til framlegg til endringar i plan- og bygningslova:

1. Fylkeskommunen er positiv til ambisjonane om forenklingar i plan- og bygningslova og støttar i hovudsak endringane i lova som gjev kommunane auka fleksibilitet og meir effektiv ressursbruk, men går i mot framlegg som kan svekke lokalt planmynde og handlingsrom.
2. Fylkeskommunen er positiv til å styrke «oppstartsmøtet» som ein avklarande arena og støtter framlegg om at kommunen skal kunne ta avgjerd om at planinitiativet ikkje skal først vidare i samband med oppstartsmøtet.
3. Fylkeskommunen meiner at kommunane framleis skal ha rett til å vedta kva for planframlegg dei skal legge ut til offentlig ettersyn, og går i mot framlegg om at dei må sende alle private planframlegg på høyring og legge dei ut til offentlig ettersyn.
4. Fylkeskommunen meiner at dersom kommunane gjennom lov vert pålagt snarast, og seinast innan 6 veker å sende private planframlegg på høyring og legge dei ut til offentlig ettersyn, vil det klart svekke kvaliteten på sakshandsaminga. Gjeldande ordning bør vidareførast.
5. Fylkeskommunen er positiv til enklare reglar for å heva ein plan, men er skeptisk til framlegga om å forenkle arbeidet med å gjere endringar i vedtekne planar, av di dette kan svekke at reguleringsplanar skal være føreseielege, noko som vil svekke interessene til ålmenta.
6. Fylkeskommunen er skeptisk til lovteksten som gjeld endring av dispensasjonsreglane. Vurderinga til fylkeskommunen er at lovteksten kan bli oppfatta som at det er kommunen som må argumentere for kvifor dispensasjon ikkje vert gitt. Fylkeskommunen ser dette som ei prinsipiell speglvending av ansvar – både i vedtak og grunngjeving.
7. Fylkeskommunen meiner områderegulering framleis skal være ein kommunal plantype og at det er problematisk å ta gebyr når plantypen vert utarbeidd saman med private. Fylkeskommunen er positiv til at grunneigar kan dekke utgreiingskostnadar for områdereguleringar.
8. Fylkeskommunen støttar framlegget om at ordninga med sentral godkjenning av regionale planstrategiar vert oppheva.
10. Fylkeskommunen støttar framlegg om å forenkle krav til rullering av handlingsprogram for regionale planar.
11. Fylkeskommunen går i mot framlegg om 12-vekers frist for nedlegging av midlertidig forbod mot bygging.

12. Fylkeskommunen støttar framlegg om ein frivillig sentral ordning for godkjenning av verksemder som utarbeider private planframlegg.

::: [Sett inn innstillingen over denne linja](#) ↑

... [Sett inn saksutredningen under denne linja](#) ↓

Vedlegg:

Lenke til høyringa: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing---forslag-til-endringer-i-plandelen-av-plan--og-bygningsloven-mv/id2428529/>

«Høring – forenklinger i Plandelen av plan- og bygningsloven», vedtaksframlegg frå KS, dokument nr 15/01086-2

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Plan- og bygningslova, LOV 2008-06-27-71

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

Kommunal og moderniseringsdepartementet sende 8. august 2015 på høyring framlegg til ei rekkje endringar i plandelen av plan- og bygningslova (PBL). Departementet skriv at føremålet med endringane i hovudsak er behov for forenkling og effektivisering av planprosessar.

I arbeidet med høyringsfråsegn har KS sitt arbeid stått sentralt og heile deira sakutgreiing og vedtaksframlegg frå rådmannsutvalet er lagt ved denne saka. Hovudstyret i KS skal handsame saka 2. november 2015. Sentrale problemstillingar som gjeld fylkeskommunane si rolle er også drøfta med fylkesplansjefane i landet.

Sentrale problemstillingar

Departementet gjer framlegg om endringar

- Meir effektive planprosessar
- Enklare å endre og oppheve arealplanar
- Enklare dispensasjonsreglar
- Framlegg om utvida gebyrgrunnlag ved handsaming av områderegulering
- Forenkling som gjeld regionale planar og godkjenning av regional planstrategi
- Etablering av ei frivillig sentral godkjenningsordning for planføretak
- Framlegg om overgangsreglar for planar i strandsona utan byggegrenser
- Nye sakshandsamingsreglar som styrkar rettstryggleiken for tiltakshavar i byggesaker
- Rettingar av mindre feil i plan- og bygningslova.

2. Vurderingar og konsekvensar

Fylkesrådmannen er positiv til regjeringa sine ambisjonar om å forenkle plan- og bygningslova.

Nokre av lovendringsframlegga gjev kommunane auka fleksibilitet, medan andre kan svekke planmynde og handlingsrom. Det er også framlegg som går inn på rollene mellom fylke, kommune og departement/regjering. 2 endringar ser ut til å gje ei harmonisering av status og godkjenning av planstrategi og å forenkle rullering av handlingsprogram for regionale planar, med reglar som samsvarer meir med krav til kommunal handsaming av tilsvarande planstrategiar og planar.

KS peikar i saksutgreiinga si på at endringane bør sjåast heilskapleg og i ein strukturell samanheng og viser til ei naudsynt kopling mot forskingsprogrammet for evaluering av plandelen av lova (EVAPLAN).

Etter å ha gjennomgått høyringsframlegget frå departementet og KS si saksutgreiing og vedtaksframlegg frå rådmannsutvalet, ynskjer fylkesrådmannen å legge til grunn, fullt ut, vedtaksframlegget frå KS, slik at dette vert fylkeskommunen sitt syn også i saka. Dette sjølv om mange av punkta gjeld kommunal handsaming.

Rettslege konsekvensar og plankonsekvensar

Dei rettslege konsekvensane går fram av KS si saksutgreiing. KS har lagt vekt på kommunane si rolle som planmynde og handlingsrommet for både kommunenivå og regionalt nivå. I framlegg til endring om dispensasjonsreglane, er eit av spørsmåla at høyringsframlegget frå KMD kan oppfattast særskildt vidtfemnande i moglegheita for kommunalt skjønn og vurderingar, samstundes som vekta ser ut til å verte lagt på om kommunen må argumentere mot ein dispensasjon, ikkje at tiltakshavar må grunngje og at vilkåra elles må vere oppfylt. I drøftingar med fagfeller i fylka vurderast det slik at endringane kan medføre stort behov for rådgjeving til kommunane, og gjennom bl.a. retningslinjer som skal utarbeidast av departementet (s. 44 i høyringsnotatet), det vil vere krevjande og fastsetje kva som er «nasjonale og viktige regionale interesser» i detalj og at dette heller då ikkje vert ei forenkling. Fylkesrådmannen vurderer det likevel slik at kulturminnefeltet uansett vil vere eit av dei saksområda som, både med gjeldande lovtekst og høyringsframlegget, skal ha høve til å uttale seg i dispensasjonssaker der dette saksfelte vert direkte berørt.

Fylkesrådmannen støttar framlegget om oppheving av ordninga med sentral godkjenning av regional planstrategi og framlegget om at det skal vere krav om at behovet for rullering av handlingsprogram til regionale planar skal vurderast årleg. Dette vert ikkje vurdert å svekke arbeidet med verken planstrategi eller med rullering av alle handlingsprogramma, snarare vil ein legge vekt på at planstrategien allereie har ein brei og god medverknad, også frå regional stat og at fylkeskommunen sjølv eigengodkjenner denne er på line med at kommunane sjølv eigen-godkjenner sine planstrategiar. Fylkesrådmannen legg vekt på at sjølv om sentral godkjenning fell vekk, er departementet si rolle i prosessen med utarbeiding av planstrategi, deira råd-gjevingsrolle og som formidlar av statleg politikk særskild viktig for å ha ei gjennomgåande forankring av planstrategien.

Og for arbeidet med handlingsprogramma til dei svært ulike typane regionale planar kan dette gjere rulleringane meir målretta og effektive. Det har vore slik i fylka, også her hos oss, at årleg rullering av handlingsprogram har vorte sett opp mot tilgjengelege ressursar på fagområda.

Begge desse endringane som gjeld fylkeskommunane si handsaming etter lova, vil gjere at handsamingsreglane og godkjenning m.m. vert meir lik reglane som gjeld for kommunal planstrategi og planhandsaming.

3. Konklusjon

Etter å ha gjennomgått høyringsframlegget frå departementet og KS si saksutgreiing og vedtaksframlegg frå rådmannsutvalet, ynskjer fylkesrådmannen å legge til grunn, fullt ut, vedtaksframlegget frå KS, slik at dette også vert fylkeskommunen sitt syn i saka. Dette sjølv om mange av punkta i hovudsak gjeld tilhøve der kommunane er avgjerdsmynde og det i mindre grad rører ved interessene til fylkeskommunen direkte. Høyringsframlegget frå departementet går på mange punkt inn i rolle- og ansvarsfordelinga mellom utbygger/grunneigar og kommunen som planmynde, samstundes som det gjev kommunane og fylkeskommunane/regionale stat sitt planmynde større fleksibilitet. Dette gjer det utfordrande å gjere ei samla tilråding, men KS har samla trådane godt og i samsvar med faglege vurderingar og vurderingar i høve mynde og roller i forvaltninga.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)